

# ROALD KALDESTAD

– Eit digitalt DKS-opplegg  
for elevar på 1.–7. trinn.



Klikk på mellomtitlane for YouTube-lenker. Under finn du også spørsmål til elevane.

## Kort om DKS-opplegget:

Eg heiter Roald Kaldestad og eg er forfattar og musikar. Store deler av året reiser eg rundt i landet og les og fortel frå bøkene mine, og dette er noko av det kjekkaste eg gjer. Men no er det det er rare tider, skulane fungerer ikkje som før og eg får ikkje reisa på turné. Derfor har eg laga tre digitale forfattarbesøk som du kan klikka deg inn på i teksten under. Det første er ein presentasjon av Heavykatten, Discodansemusa og Pinnsvinet Phillip, som eg har skrive fire bøker om. Det andre handlar om dyr i barnebøker og det tredje fokuserer på bildebøkene eg har skrive, og så les eg ei lita trøysteforteljing. Kos deg!

### **Video 1: Heavykatten (del 1)**

Har du katt? I denne videoen fortel eg om ein litt spesiell katt, og dei to (u)venene hans.

- *Kva er viktig når du skal spela heavymusikk? Nevn minst tre ting.*
- *Kva står det på t-skjorta til Roald? Finn fem band som spelar tøff heavymusikk.*
- *Søk på nettet og finn tre plater med tre ulike artistar, som Roald spelar gitar på.*
- *Kva for instrument høyrer du i dei ulike musikkutdraga i videoen?*
- *Kva er forskjellane mellom heavy, disco og klassisk musikk?*

### **Video 2: Heavykatten (del 2)**

Veldig mange barnebøker handlar om dyr som snakkar og oppfører seg som menneske.

Kvifor er det slik?

- *Har du eit favorittdyr? Skriv ein liten tekst der du latar som om han eller ho kan snakka og tenka som eit menneske.*
- *Kvifor er det så mange dyr i barnebøkene, trur du?*
- *Kan du teikna eitt eller fleire av dyra som blir skildra i audition-scenen?*

### **Video 3: Om bildebøkene mine + spørsmålsrunde**

- *Søk på nettet og finn fleire bøker som er illustrert av Ella K. Okstad, Øyvind Torseter, Bjørn-Rune Lie og Gunvor Rasmussen. Sjekk om dei finns på (skule)biblioteket ditt.*
- *Skriv tre spørsmål til Roald. Kanskje læraren din kan samle inn og sende dei til han?*
- *Sjå om du finn barnebøker av dei forfattarane Roald nemner i videoen.*
- *Kva heiter faren til Roald? Søk på nettet og finn tre barnebøker som han har skrive.*
- *Sjekk om du kan finne ei oppskrift på kake utan egg. Bak kaka!*